



## Statens vegvesen

**KOPI**

Kommunane i Hordaland

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:  
2014/077104-001

Dykkar referanse:

Vår dato:  
25.06.2014

### Vegteikningar ved regulering av riks- og fylkesveg

Statens vegvesen hadde tidlegare som praksis at når kommunane eller private aktørar utarbeida reguleringsplanar som omfatta del av riks- og/eller fylkesveganlegg skulle det i planarbeidet også utarbeidast meir detaljerte vegteikningar. Denne praksisen har dei seinare åra blitt mindre vanleg. Vi ser no at det er trong for å be om at praksisen vert teken opp att. I dette brevet grunngjev vi kvifor, og gjer greie for kva dokumentasjon vi forventar å få tilsendt i samband med utarbeiding av slike reguleringsplanar.

#### Kvifor meir detaljert vegplanlegging?

Meir detaljert vegplanlegging på reguleringsnivå vil innebere noko meir arbeid i tidleg planfase. Eventuelle ulemper knytt til dette vil etter vårt syn oppvegast ved at ein sparer tid og utgifter seinare og unngår utilsikta avvik frå vegnormalane som ikkje kan rettast opp i ettertid.

#### Unngå problem når veganlegg skal prosjekterast og byggast

Når Statens vegvesen prosjekterer veganlegg skal vi følgje vegnormalane. Det same kravet må vi stille til andre som utarbeider byggeplanar for delar av riks- og fylkesveganlegg. Dersom det ved utarbeiding av byggeplan viser seg at reguleringsplanen ikkje gjev rom for at vegnormalane kan følgjast, må det søkjast fråvik. Er konsekvensane av fråviket vesentlege ulemper knytt til sentrale transportpolitiske mål som framkomelegheit, trafikktryggleik, miljø og universell utforming vil det ikkje kunne akseptrast. I slike tilfelle må planen endrast.

Den nye plan- og bygningslova inneber at rommet for å gjere mindre endringar i reguleringsplanar er innskrenka samanlikna med den førre lova. Manglar som før kunne rettast opp gjennom ei mindre vesentleg reguleringsendring vil i dag kunne krevje full planprosess for å verte endra.

Statens vegvesen har ikkje heimel til å oreigne areal som ikkje er regulert til vegføremål. Dersom det ikkje er regulert nok vegareal, og ein ikkje klarer å kome fram til frivillige avtalar om kjøp av naudsynt areal, vil realisering av vegprosjektet krevje ny regulering. Arealbehovet omfattar også regulering av mellombels anleggsområde for byggefasen til veganlegg.

For å unngå at delingssaker knytt til eigedomar langs veganlegg vert arbeidskrevjande og dyre, bør arealføremålsgransene i planen samanfalle med nye eigedomsgrensar.

Problem knytte til at det ikkje er sett av nok areal til vegføremål i reguleringsplanen vert særleg store i dei tilfella der sideareala til den regulerte vegen har blitt bygde ut før veganlegget. I slike tilfelle kan det i praksis verte økonomisk umogleg å rette opp feila.

#### Unngå unødvendige motsegner og forlenga planprosess

Når det i reguleringsprosessen ikkje har blitt utarbeida vegtekniske teikningar som dokumenterer at vegnormalane vert følgde, har spørsmål om dette ofte kome seint inn i planarbeidet. Ofte er det først når ein plan vert lagt ut til offentleg ettersyn at vegvesenet har blitt merksame på at det vert planlagt i strid med vegnormalane. Der reguleringsframlegg på grunn av dette kjem i konflikt med viktige areal- og transportpolitiske målsetjingar har vi sett oss nøydde til å fremje motsegn knytt til slike tekniske detaljar.

I samband med prøveprosjektet der Fylkesmannen i Hordaland samordnar motsegnene frå statlege organ har det blitt peika på at det er uheldig å fremje motsegner knytte til tekniske detaljar som kan avklarast tidlegare i planprosessen. For å unngå slike motsegner treng Statens vegvesen at det før ein plan vert lagt ut til offentleg ettersyn vert dokumentert at planlegging av riks- og fylkesveganlegg skjer i samsvar med vegnormalane.

Den nye retningslina for motsegn i plansaker etter plan- og bygningsloven (T-2/13), supplert med rundskriv H-2/14, gjev også føringar som tilseier at det er trong for betre dokumentasjon av vegplanlegginga i reguleringsplanar. I retningslina heiter det at *Nasjonale, vesentlige regionale og andre interesser av vesentlig betydning som kan gi grunnlag for innsigelse skal komme fram så tidlig som mulig i planprosessen.* Det må etter vårt syn mellom anna innebere at dei som står bak planarbeidet må få fram om planlegginga ikkje følgjer vegnormalane. I retningslina heiter det også at *Det skal legges vekt på tidlig medvirkning og god dialog i oppstarts- og planleggingsfasen, med vekt på å avklare konflikter og planfaglige eller juridiske feil før høring og offentlig ettersyn av planen.* Det inneber at Statens vegvesen når vi vert merksame på at det er ynskje om å regulere i strid med vegnormalane, må delta aktivt i planarbeidet for å prøve å kome fram til løysingar som alle partar kan godta, og eventuelt avklare fråvikssaker.

#### Betre ivaretaking av mjuke trafikantar og universell utforming

Særleg i byar og tettstader kan det vere interessemotsetnader knytt til kva verdifulle og attraktive areal skal regulerast til. Å regulere nok areal til vegføremål kan innebere at mindre areal vert regulert til utbyggingsområde. I slike tilfelle kan det vere fristande å redusere vegarealet og satse på at ein kan kome fram til funksjonelle og trafikksikre transportløyningar på mindre areal.

Slike kompromiss vil i praksis ofte innebere at omsynet til mjuke trafikantar og universell utforming vert skadelidande. Det er vanskeleg å redusere det fysiske arealet privatbilar og større køyrety krav. Mjuke trafikantar kan ta mindre plass, men resultatet vert då ofte eit dårlegare tilbod til dei.

#### **Krav til vegteikningar**

Vegteikningar for riks- og fylkesveganlegg må utarbeidast i samsvar med vår handbok R700 *Tegningsgrunnlag*. Handboka viser til 24 ulike teikningar. Omfanget av vegteikningane må tilpassast veganlegget som vert regulert. Teikningane A-F vil ofte vere tilstrekkeleg på reguleringsplannivå. For mindre prosjekt kan fleire tema kombinerast i ei teikning.

- A: Framside og teikningsliste
- B: Oversiktsteiking (plan og profil)
- C: Primærveg (plan og profil)
- D: Sekundærveg (plan og profil)
- E: Vegkryss og avkøyrslar - Busshaldeplassar, parkeringsanlegg o.l. i tilknytning til veganlegget skal også inngå i E-teikningar.
- F: Normalprofilar (delen om overbygning kan vente til byggeplan)

I nokre tilfelle vil det vere trong for ytterlegare teikningar. Teikningane M *Signalanlegg*, V *Geoteknikk og geologi*, X *Ytre miljø og naturressursar* og Y *Faseplanar* er særleg aktuelle på reguleringsplannivå. Vedlagt følgjer ei liste med meir informasjon om desse teikningane og andre teikningar som utgjer byggeplanen for veganlegg. Alle teikningar skal ha god lesbarheit. Symbol og målestokk skal vere som omtala i handbok R700. Teikningane skal ha teiknforklaring, nordpil og rutenett. All overflødig tekst skal fjernast.

Krav til utforming og kvalitet for riks- og fylkesvegar er å finne i Statens vegvesens handbøker, retningslinjer, rettleiarar, NA-rundskriv, Norsk standard m.m. Vi rår til at desse vert sjekka fortløpande, då endringar vert gjort elektronisk utan førehandsvarsling (sjå <http://www.vegvesen.no/Fag/Publikasjoner/Handboker>).

#### Oversending av vegteikningar

Vegteikningane skal sendast elektronisk i PDF-format til Statens vegvesen Region Vest [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no). Dersom det vert planlagt vegløyningar som ikkje er i samsvar med normalkrava, må det kome klart fram av eit følgjebrev og grunnleggjast.

#### Saksgang ved fråviksøknad


I følgje vegvesenet sin instruks for fråvikshandsaming skal søknader om fråvik vere ferdig handsama før framlegg til reguleringsplan vert lagt ut til offentlig ettersyn. For å unngå unødvendige motsegner knytt til avvik frå normalane er det såleis avgjerande at kommunar og plankonsulentar har god dialog med Statens vegvesen og får avklara eventuelle fråviksaker i perioden mellom varsel om oppstart og utlegging til offentlig ettersyn.

#### Byggeplan og gjennomføringsavtale

Vi gjer merksam på at før arbeid knytt til riks- og fylkesveganlegg kan setjast i gang, skal byggeplan vere godkjent av Statens vegvesen og det må vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar.

Vegavdeling Hordaland


Med helsing



Olav Finne  
Avdelingsdirektør



Carl-Erik Nielsen  
seksjonssjef Plan og forvaltning Voss og Hardanger



Sindre Lillebø  
seksjonssjef Plan og forvaltning Bergen

### *Vedlegg: Vegteikningar i byggeplan (jamfør handbok R700)*

Vegteikningane A-F som vert utarbeida i samband med reguleringsarbeidet, kan seinare inngå som grunnlag for byggeplanen for veganlegget. Byggeplanen vil også omfatte fleire andre teikningar, mellom anna:

#### *F: Overbygning (i tillegg til normalprofilar)*

Tverrspleis mellom eksisterande og ny veg må dokumenterast særskilt.

#### *G: Drenering og vasshandtering*

Drensplanen skal vise både eksisterande og nytt drens-system med kum- og leidningstabell. Det skal også kome fram korleis overvatn vert leia bort frå vegkroppen. Detaljar av kummar, tilkoplingar, grøftesnitt og utkilingslengder i frostsone skal visast og alle materialar skal beskrivast.

#### *H: Vass- og avlaupsleidningar*

##### *I: Kablar og linjer*

Alle eksisterande og nye master, kablar og leidningar skal visast. Grøfteprofil skal visast generelt og spesielt ved "hinder" som busshaldeplassar.

##### *J: Byggetekniske detaljar*

Teikninga skal vise detaljar og oppbygging av trafikkøyer, kantstein, mindre støttemurar, rekkverk, støyskjermar, lehus, bruk av taktile heller m.m.

##### *K: Konstruksjonar*

Teikning for byggverk som bruer, undergangar, store støttemurar eller andre større konstruksjonar. Teikningar til byggeplan skal godkjennast av Vegdirektoratet før arbeid vert igangsett.

##### *L: Skilt og oppmerking*

##### *M: Signalanlegg*

Handbok 048 Signalanlegg (normal): *Dersom det i et reguleringsplanforslag forutsettes bruk av signalregulering som betinger vedtak for oppsetting eller forutsetter nedtaking av eksisterende vedtakspliktige signalanlegg, skal det søkes om vedtak om dette senest når saken legges ut til offentlig ettersyn. Hvis dette ikke gjøres kan det senere vise seg at regulert løsning ikke kan etableres fordi den ikke tilfredsstillter vedtaksmyndighetenes krav til signalregulering.*

##### *N: Belysning*

Denne teikninga kan normalt vente til byggeplan, men temaet kan også vere aktuelt å ta omsyn til i reguleringsfasen, mellom anna ved utbygging i område med arealknappheit.

##### *O: Formgjeving og vegetasjon*

Denne teikninga kan normalt vente til byggeplan, men dersom veganlegget omfattar beplantning og/eller grøntareal bør temaet også takast omsyn til i reguleringsfasen.

##### *V: Geoteknikk og geologi*

I område med krevjande grunntilhøve, må det dokumenterast at det kan byggast veg på den aktuelle staden. Ofte vil dette verte fanga opp av risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS).

##### *X: Ytre miljø og naturressursar*

Det er aktuelt å utarbeide slike teikningar for m.a. vegtrafikkstøy dersom temaet ikkje er tilstrekkeleg dekkja i eigen støyrapport. Raud og gul støysone skal innarbeidast som omsynssoner i reguleringsplankartet. Luftforurensing, fornminne og friluftsområde er andre aktuelle tema som òg kan vere tilstrekkeleg dekkja i andre delar av planarbeidet.

##### *Y: Faseplanar*

Der utbygging av veganlegget vil krevje mellombelse veg- og trafikkomleggingar.